



Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:

31.01.2025

Vår ref:

2025/143

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Hol kommune
Ålmannvegen 8
3576 HOL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Henriette Bye, 5764 3008

Uttale til dispensasjonssøknad – Riving og bygging av hytte på Haugastøl – gbnr. 55/348 Hol

Viser til oversending frå Hol kommune datert 2. januar 2025.

Bakgrunn

Hol kommune ber om uttale til søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel for riving og oppføring av ny nytte på Haugastøl. Bygging av ny hytte aukar BYA på tomta frå 62,7 m² til 90 m². Hytta ligg om lag 100 meter frå villreinområdet i Nordfjella.

Villreinnemnda er ei statleg nemnd som har som ei hovudoppgåve å sjå til at villreinområda våre ikkje blir forringa, og ikkje gjev dårlegare levevilkår for villreinen gjennom året. Dette gjeld for alle villreinområda, men fokuset skal vere ekstra sterkt i dei oppretta nasjonale villreinområda.

Vurdering

Villreinnemnda er kritisk til bygging av nye fritidsbustader, og anna aktivitet, som ligg i nærleiken av leveområdet til villreinen i Nordfjella. Det er naturleg at mykje av ferdsle frå hyttefeltet går inn i dei gode beiteområda for reinen, og kan føre til at områda går ut av bruk. Det er denne totale auken i aktivitet og ferdsle som er negativ. Som nemnda har peika på i fleire av sakene i Hol kommune, er det eit mål å ta vare på dei relativt urørte gode beiteområda rundt Hallingskarvet. Det er difor viktig å unngå nye inngrep i utkantane som fører til auka ferdsle inn i villreinområdet.

Tiltaket det søkjast om i dette tilfellet gjeld riving av hytte og oppføring av ny nytte på same tomt. Det informerast i søknaden om at den noverande hytta har tre soverom. Sidan den nye hytta òg vil ha tre soverom, kan vi ikkje sjå at oppføring av ny hytte vil føre til ein auke i besøkande, med påfølgjande ferdsle inn i villreinområdet, enn det som er situasjonen i dag.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen
114, 5745 Aurland
Tlf. 97526883
E-post:
trygve.skjerdal@privat.alb.no

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Tlf. 57643124
fmsfhm@statsforvalteren.no



Konklusjon

I denne saka kan vi ikkje sjå at tiltaket vil føre til ei ytterlegare påverknad på villreinen i form av ferdsle inn i villreinområdet, enn det som er dagens situasjon. Vi legg til grunn i tilrådinga at ny hytte ikkje får auka kapasitet.

Med helsing

Trygve Skjerdal
leiar

Hermund Mjelstad
Sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus
Buskerud fylkeskommune

Postboks 325 1502 MOSS